



Kinn kommune

Medverknad – områdeplan/skulestruktur
Utvikling av lokalsamfunn med og utan skule
Digitalt folkemøte. juni 2025



KOST- 059/25 (15. mai) - Vedtak om utlegging av områdeplan og skulestruktur

(Vedtaket bygger på samfunnsplanen/temaplan k.sak 151/24 med omfattende utgreiingskrav)

- Formannskapet følger prosessen fram mot høyringsfristen (deltaking). Høyringsfrist er sett til 31. august
- Brei medverknadsprosess;
 - *Medverknad gjennom møter med Elevråda og FAU*
 - *Medverknad gjennom digitalt folkemøte*
 - *Medverknad gjennom mulighetsstudie for utnytting og transformasjon av områder/bygg som kan bli lagt ned. Gjeld Torvmyrane, Krokane og Raudeberg.*
 - *Medverknad internt gjennom møter med arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsmiljøutvalet*
 - *Nettsida er tilrettelagt for innspel*

Planen med merknader kjem til politisk handsaming hausten 2025



Viktige perspektiv i planlegginga

«Kopling mellom planarbeid – økonomi, samfunn, areal og tenester»

- ✓ Vi jobber med **attraktivitet og omstilling** – samarbeid viktigast
- ✓ Vi tek omsyn til **demografiske utvikling** – fleire eldre/færre barn
- ✓ Vi jobbar med næringslivet for å **tiltrekke oss arbeidskraft**
- ✓ Vi jobbar med å **ivareta naturområde** – nye areal om **verdiskaping**
- ✓ Vi er eit **inkluderande samfunn som vil lykkast med bustsetting**
- ✓ Omstilling som tek omsyn til kommunen sin **økonomiske bereevne**
- ✓ **Positiv folketalsutvikling** - tilflytting er viktig, men å folk til bli værande er viktigare





Rammer for arbeidet med områdeplan og skulestruktur

Lågare inntekter knytt til lågare barnetal

- Inntekter frå staten vert lågare med lågare tal barn og unge

Lågare utnytting av kapasitet i skulane

- Lågare elevtal gjer at utnyttinga av kapasiteten i skulane våre vert dårlegare og dårlegare. Nesten 5 av 10 elevplassar kan for skuleåret 2030/2031 stå ledige.


Teknisk og funksjonell tilstand

- Fleire av skulebygga treng oppgradering både teknisk og funksjonelt
- Vi brukar så lite på vedlikehald at vi ikkje er i stand til å ivareta bygga

Ressursbruk og kvalitet

- Agenda Kaupang: Samanlikna med Kostragruppe 7 er ressursbruken høgare og kvaliteten lågare i grunnskulen, m.a. på grunn av mange mindre skular

Elevtal og prognosar framover




2024: 282 færre barneskulebarn sidan 2017
Prognose 2034 418 færre sidan 2017
Prognose 2050 435 færre sidan 2017




Utgreiing av 9 ulike strukturalternativ

- Formannskapet bestilte områdevurdering med og utan skule for Raudeberg, Skavøypoll, Florø barneskole, Krokane, Torvmyrane og Brandsøy. Dette gir 9 ulike alternativ.
- Det er skildra konsekvensar for investering og skulebyggrehabilitering, kapasitet og oppfyljing av funksjonskrav.




God opplæring i eit godt miljø



Overordna prinsipp for læring, utvikling og danning er:


- **Sosial læring og utvikling**
- **Kompetanse i faga**
- **Grunnleggande ferdigheiter**
- **Å lære å lære**
- **Ei berekraftig utvikling er knytt til både økonomi, miljø og sosiale forhold. Den må og vere til barns beste.**
- **Korte avstandar i Florø, men fleire må i buss om Florø barneskole skal bli lagt nen og fleire får lenger skuleveg**
- **Endring i skulestrukturen i Måløy gjer at fleire må ta skulebuss.**
- **Elevane sin rett til leik og fritid vil i liten grad verte råka, då mange kan gå/sykle til skulen og nytte det same fritidstilbodet dei har nytta tidlegare.**
- **Skulebyte vil vere ei omstilling som må sikrast med gode overgangsproessar**

Kvalitet og storleik på skular og klassar



- Forsking viser ein svak samanheng mellom kvalitet og storleik på skular.
- Det er ei svak positiv samanheng mellom storleiken på skulen og elevane sitt læringsutbytte. Ideell storleik ligg mellom 500 – 700 elevar
- Storleiken på skulen forklarar ikkje åleine om elevane trivst eller ikkje trivst på skulen, sjølv om det er ein svak tendens til at elevar på småskuletrinnet trivst noko dårlegare på skular med færre enn 150 elevar.
- Skulestorleik åleine ser heller ikkje ut til å ha nokon effekt på omfanget av mobbing, og inneber at mobbing i liten grad kan knytast til strukturelle forhold i skulen.
- Studiar er ikkje eintydige på om flytting av elevar fører til dårlegare læringsresultat.

Rekruttering og sterke profesjonsfellesskap



- **Rekruttering har vi utfordringar i dag**
- **Større skular vil i prinsippet kunne ha større fleksibilitet og spesialisering i lærarkollegiet.**
- **Viktig for å oss å kunne tilby fagmiljø som kan spesialisere seg, som er tufta på samarbeid og teamutvikling.**
- **Samarbeid og fordjuping er lettare i skular med fleire klassar pr. årssteg eller fleire årssteg i ein klasse.**





Ved ein eventuell nedlegging av skule er det viktig å sikre overgangen til ny skule og sikre alternativ bruk

Trygge elevar, føresette og lærarar

- Kommunen vil legge til rette for gode prosesser som tryggar lærarar og foreldre, slik at laget rundt elevane blir sett og høyrte.

Trygt skulemiljø

- Gjennomføring av ulike aktivitetar som m.a. samlingar, turar og bli kjent-aktivitetar i og utanfor klasserommet.
- Møter mellom foreldre/føresette og lærarar på ny skule.

Trygg skuleveg

- Dei som har rett på skuleskyss får det. Kommunen vil ha ein tett dialog med foreldra, for å sikre ein trygg skuleveg.


Tap av skule bli opplevd som utfordrande

- Skulestruktur blir opplevd som vanskeleg med utgangspunkt i tap av arena og samling, medverknad i forhold til alternativ bruk av området





Endring i rammer samanlikna med T1-2024



Omstillingsprogram

- Dersom kommunen ikkje klarer å realisere tiltak for 150-160 millionar kroner, er det stor grunn til å forvente at kommunen kjem i ein problematisk underskotssituasjon. Kommunestyret har vedteke at 42 mill. kr. skal gjennomførast med tiltak innan oppvekst.

Omdreiging i ressursbruk

- Når elevtalet minkar vil også inntektene gå ned og vi må redusere tilsvarende. Fleire eldre vil krevje meir av oss. Endring av skulestruktur er derfor nødvendig.

Utan skulestrukturendring

- Skulane vil vanskeleg kunne drifte skulesektoren utan strukturtiltak. Vi kan komme i konflikt med lærarnorm, tilpassa undervisning og tildeling til klassar.



Meir informasjon i dokumentet Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar og Befolkningsutvikling i Kinn kommune 2025-2050 som ligg på heimesida

- **Kap.2 Rammer for arbeidet** (m.a. avgrensingar, definisjonar, forskning, klimaverknader, trygg skuleveg – k.sak 151/24)
- **Kap. 3 Kva gjer eit område attraktivt** (m.a. infrastruktur, arbeidsmoglegheiter, bustadmarknad, utdanning, tryggleik, natur- og fritidstilbod, kulturelt og sosialt mangfald, levekostnader, samfunn og fellesskap, stabilitet og utvikling)
- **Kap.4 Måløy og Florø nosituasjon og planlagt** (bustader, arbeidsplassar og næring, kollektivtilbod, viktige tilbod og reiseavstandar)
- **Kap. 5 Vurdering av samfunnsmessige verknader med og utan skule**
- **Kap. 6 Bruk av skulane utover skuledrift**
- **Kap. 7 Kommunen som produsent av grunnskuletenester** (Barnet sitt beste, ressursbruk og kvalitet, ressursbruk samanlikna med andre kommunar, Ambisjonsnivå for skulane, vurdering av 9 alternativ, områdevurdering i Måløy og Florø, prosessbeskriving)
- **Historiske tal og prognose for barnetal på skulekrets nivå**



Grunnlaget for områdeplanlegging – grunnlaget for skulestrukturendringar

Dette dokumentet er oppfølging av vedtak i kommunestyret i sak 151/24 den 16. desember 2024:


«Det vert innan våren 2026 arbeida fram grunnlag for områdeplanar for dei ulike bydelane som er omhandla i temaplan (Raudeberg, Skavøypoli, Florø Barneskule, Krokane, Torvmyrane og Brandøy), der framtidig utnytting av områda med og utan skule vert drøfta og visualisert. Plan skal ta føre seg alle samfunnsforhold, som tettstadsutvikling, infrastruktur rundt objekta og tilkomst til og frå, tryggleik for barn og unge, knutepunkt, samhandling og andre funksjonar. Grunnlag må og samsvare med kommunen sin visjon om å halvere klimagassutslipp både innfor energi, transport, samt varer og tenester. Det må kome fram kostnader både økonomisk og klimamessig. Arbeidet skal ha brei involvering.»

Utkast frå kommunedirektøren mars 2025



Kinn kommune

Befolkningsutvikling i Kinn kommune 2025-2050



Figur 1. Framskriving av folketal i Kinn i 3 alternativ (SSB og KOMPAS)
Mai 2025